

## Hei til deg som skal starte på Sunnmøre Folkehøgskule!

Ulsteinvik 14.08.20

No er det berre to veker igjen til skulestart, og vi gler oss til å ta imot deg og alle dei andre 115 elevane som er klar for eit fantastisk år på Sunnmøre!

Sidan oppstarten i år vert litt annleis enn vanleg, sender vi her ut litt info om korleis opningshelga og dei første vekene vert. Normalt sett ville vi hatt ein storslagen opningsdag med familiar til stades, middag til alle og 350 på opningsfesten. Dette vert diverre ikkje mogleg i år. Vi har difor laga ein smittevernplan saman med kommuneoverlegen, og ber om at de les denne informasjonen godt før de kjem. Informasjon om smittevern er ferskvare, og vil kunne endre seg ut ifrå situasjonen i samfunnet elles. Det vil seie at det i teorien vil kunne kome ny informasjon allereie før skulestart.

### Før du kjem til skulen

Det aller viktigaste er at du er ekstra påpasseleg i høve til smittevern og hygienetiltak dei komande vekene før skulestart. Det du gjer er minst like viktig som det vi gjer. No er smitta på veg opp igjen i samfunnet i samband med reiser og skulestart, og nokre av dykk bur i utsette områder. Hald avstand og følg nasjonale retningslinjer (t.d. handvask, råd om munnbind, unngå tette sosiale «settingar»)

Eigenerklæring: eit par dagar før oppstart vil vi sende ut eit elektronisk skjema der du må stadfeste at du og dine nærmaste er friske. Er du i tvil, ta kontakt med oss. Om du ikkje kan møte første skuledag/veke grunna sjukdom, vil ikkje dette bli registrert som fråvær.

Risikogruppe: dersom du av ein eller annan grunn er i risikogruppa, vil vi gjerne ha tilbakemelding om dette i forkant av at du kjem, då dette har noko å seie for beredskapsplanen.

Transport: det beste er sjølvstilt om du kjem i eigen bil til skulen. Om du må ta kollektiv transport, ber vi deg følgje retningslinjer for smittevern nøye og vurdere å bruke munnbind. Det er også fint om du ikkje tek med heile familien inn på skulen sjølv om dei er med på turen, så reduserer vi talet på folk på skuleområdet.

### Når du kjem til skulen

Det er mogleg å kome fredag for dei som dette passer best for. Gi oss i så tilfelle info om når du kjem på dagen slik at vi kan ta imot deg/dykk på ein god måte ([post@sufh.no](mailto:post@sufh.no)). For å unngå for mykje kø, har vi lagt opp til ein plan for når dei enkelte klassene helst skal sjekke inn på laurdagen. Om dette ikkje passer med din reiseplan, kjem du når du kan. Du vil motta romnummer og ein «instruksjonsvideo» frå oss før skulestart. Foreldre/føresette kan vere med inn på skulen og sjå på rom/fasilitetar, og dei kan få møte linjelærer/adm til faste tidspunkt i Amfiet i samband med innsjekk (sjå under). De vil også få litt lettvinnt mat og drikke opp i hendene. Vi ber om at dei som er med dykk reiser frå skulen når de er ferdig med innsjekk, mat og infomøte slik at det vert minst mogleg opphopping av folk.

Musikk.Friluft: Innsjekking frå kl. 09.30-10.30 Møte for foreldre/føresette i Amfi kl.10.30

Global.Safari: Innsjekking frå kl. 10.30-11.30. Møte for foreldre/føresette i Amfi kl.11.30

SjøSnøSurf: Innsjekking frå kl. 11.30-12.30. Møte for foreldre/føresette i Amfi kl.12.30

Multisport: Innsjekking frå kl. 12.30-13.30. Møte for foreldre/føresette i Amfi kl.13.30

Idrett.Ball: Innsjekking frå kl. 13.30-14.30. Møte for foreldre/føresette i Amfi kl.14.30

Bu.Aktiv: Etter eigen avtale. Eige infoskriv kjem frå linjelærer

### Opningsfesten

Denne vert i år berre for elevar og tilsette i og med at vi ikkje kan vere fleire enn 200. Vi vil difor sende festen live over sosiale media, slik at dei som vil kan følgje med der og evt sjå opptak av den seinare. Festen vil starte kl.15.00, og vi håper difor at alle er på plass til då.

## Generell info om smittevern (gjeldande pr.14.aug 2020)

I samråd med kommuneoverlegen har vi lagt opp til 10 dagar med linjekohortar før vi går saman til ein stor kohort der vi kan ha eit meir normalt og tettare samkvem. Vi kan ikkje gå inn på alle detaljer her, men dette vil m.a. tilseie at:

- det vert mykje linjeopplegg dei to første vekene, og gjerne i friluft.
- vi kjem til å bruke to matsalar med faste plassar.
- all fellesundervisning/opplegg vil gå føre seg i festsalen med faste plassar (1 m avstand)
- det vert nokre restriksjonar i høve til lokalsamfunnet, dvs at ein t.d. ikkje brukar treningssenter og badeland dei to første vekene.

Vi er heldige som har eit skulebygg der alt er under eitt tak, og der vi kan ha opne dører mellom alle avdelingar. Difor vert det sosialt og inkluderande utan at du treng å ta i andre dørhandtak enn døra til rommet ditt. Det er også ein stor fordel at alle rom har eige bad.

Vi seier ofte at «denne skulen er ein heim, og denne heimen er ein skule». Dette gjeld også i koronasituasjonen og om du vert sjuk. Vi har internatleiar som er sjukepleiar, eigne rom til karantene/isolasjon, og nær kontakt med helsevesen i kommunen med stor testkapasitet. Du treng difor ikkje reise heim om du vert sjuk. Vi har også veldig lite smitte på Sunnmøre pr.no, og vi har ikkje hatt smittetilfelle i Ulsteinvik sidan slutten av mars sjølv om vi testar nærare 100 personar kvar veke. Det ynskjer vi kan halde fram. Målet er difor at vi etter 10 dagar kan normalisere skuledrifta og ha fullt fokus på å få eit trygt og godt folkehøgskuleår.

Haustferie: Vi har lagt opp til haustferie i veke 41, men vil kunne endre dette om smittesituasjonen skulle tilseie det. Det kan også bli aktuelt å sette opp eigne bussar mot nord, sør, aust og vest. Det vil generelt også kunne kome endringar i skulerute/semesterplan, så ikkje bestill fly til og frå enno.

Rom: Sidan vi er full skule, vil alle elevane bu på dobbeltrom om ikkje du av helsemessige årsaker har gjort avtale med oss om anna. Av smittevernomsyn vil vi plassere folk frå same linje på rom ilag. Vi har også sett av fleire rom til karantene/isolasjon. Når det gjeld å få besøk, så ynskjer vi ikkje besøk til elevane slik situasjonen er pr.no.

Heimreise: Vi synest de bør reise heim i konfirmasjon eller andre viktige anledningar, men at de søker om dette på førehand. Vi vil då legge til rette for eit «karantenerom» som de kan sove på når de kjem igjen, slik at vi minimerer smitterisikoen. De kan likevel følgje undervisning og sosialt liv ut ifrå vanlege retningslinjer for smittevern.

Overordna plan for smittevern med ulike beredskapsnivå vil bli lagt ut på intranett i løpet av neste veke.

## Generell info

Lånekassen: Om du ikkje har søkt, så må du gjerne søke no. De vil få pengane på konto når vi har stadfesta at de har møtt fysisk på skulen og skuleåret er i gong.

E-faktura: Alle skal no ha motteke første faktura som e-faktura, dvs at den kjem rett i nettbanken din. Sjekk difor der først, og gi oss tilbakemelding om du ikkje har motteke noko.

Facebook: Vi har som tidlegare informert ei facebook-gruppe for skuleåret 20/21 (<https://www.facebook.com/groups/2538696899793520>). Bli medlem der og få tilgang til rask og oppdatert info. Der vil det snart bli lagt ut eit skjema som gjeld kontaktinfo til føresette.

Då håper vi du har fått svar på aktuelle spørsmål, og så ser vi veldig fram til å bli kjent med deg og alle dei andre om eit par veker. Ha ein frisk og god august vidare!

Med venleg helsing  
Sunnmøre Folkehøgskule